



Møre og Romsdal
fylkeskommune

■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

42856/2011

| | |
|------------------------------|--------------------------|
| Tema: | Stad og tid: |
| Møtereferat SAMU-T 21.9.2011 | Fylkeshuset, møterom 700 |

| | | | |
|--------------------------|---|------------------------|--|
| Til stades: Medlemmer | | Varamedlemmer | |
| Anthony N. Valen | X | Morten Larsen | |
| Gunnar Eikrem | X | Bjørn Eggen | |
| Anna Karin Lunden | X | Tone Nord | |
| Laila Aas Dyrøy | X | Grete Gussiås | |
| Marianne S. Rudi | X | | |
| Unni Tømmernes | X | Hege Myklebust Vartdal | |

Andre:

Dag Lervik, personalsjef (sak 8/11)
Venke Dale, Hjelp24

| | |
|----------------------------|----------------|
| Referent: | Neste møte: |
| Morten Larsen, 71 25 87 74 | Ikkje fastsett |

Sakslista vart godkjent. Unni Tømmernes bad om at saksdokumenta til SAMU-T må sendast ut i god tid før møtet. Møtereferat frå møtet 21.6.2011 vart godkjent.

Saksliste

Ref 7/2011 Stillingsvakansar, rekrutteringssituasjonen per september 2011

Mange tannlegestillingar er besett dei siste månadane. Per dato er det ledige stillingar i Surnadal (fast og vikariat), Halså (vikariat), Vestnes (fast), Stranda (fast) og Larsnes (her er det ei velfungerande ambuleringsordning). Det er ledig tannpleiarstillingar på Valderøy (fast), Langevåg (fast), Spjelkavik (vikariat) og Ørsta (fast). Det per dato ingen ledige tannhelsesekretærstillingar. Det vart gitt ei orientering om avtalen fylkeskommunen skal inngå med Sunndal Vikarbyrå om utleige av tannlegar med autorisasjon og gode norskkunskaper.

Ref 8/2011 Orienteringar frå fylkestannlegen

- Det ser nå ut til at tannhelsesekretærutdanninga (VG3) v/Borgund VGS blir tatt inn igjen til skolestart 2012/13. Det er viktig at arbeidsgruppa som er nedsett under leiding av Anna Karin held fram arbeidet for å auke interessa for utdanningsprogrammet.
- Intranettet er ein viktig plattform for kommunikasjon og samarbeid. Intranettsidene/"mi side" for tannhelse skal gi tilgang til relevant informasjon og vere den primære nyheitstenesta for alle medarbeidarar i tannhelsetenesta. Det vil bli iverksett tiltak for at fleire skal ta i bruk dette verktøyet.
- Fylkestannlegen ser behov for å revidere kursreglementet og vil invitere organisasjonane til drøfting om målretta bruk og innretning av kompetansemidlar i tannhelsesektoren.

Sak 11/2011

Stimulering til spesialistutdanning og rekruttering av spesialistar til den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal fylkeskommune

Personalsjef Dag Lervik gav ei orientering om bakgrunnen for sak U-124/11 og dei tiltak som no blir sett i verk for å stimulere til spesialistutdanning og -rekruttering. Sentralt står opprettinga av det regionale kompetansesenteret for tannhelsetenesta i Midt-Norge, som skal etablere og drifte eit kompetansenettverk med mål å auke tilgangen på spesialistkompetanse for befolkninga i heile regionen. Kompetansenettverksmodellen er ein viktig føresetnad for å sikre ein desentral struktur på spesialisttilbodet. Intensjonen er m.a. at spesialistklinikkar skal inngå i nettverket. Modellen løyser fleire av oppgåvene for odontologiske kompetansesentra definert i St.meld 35 (2006-2007), og tar på alvor behovet for eit kompetanse- og kvalitetsløft for tannhelsetenesta. Ein statusrapportering om dette arbeidet, med fokus på behovet for spesialistar innan kjeveortopedi i Romsdal og på Nordmøre, vart tidlegare presentert for SAMU-T i møte 30.6.2011, sak 8/11. Det ligg no føre ei endeleg saksutgreiing, som tar opp i seg alle desse elementa, til fylkesutvalet måndag 26. september.

Unni Tømmernes gav uttrykk for at dette er ei viktig sak, og roste administrasjonen for at premissar og tiltak for kompetanseutvikling i tannhelsetenesta blir sett på dagsorden i eit sentralt politisk utval. Tømmernes var kritisk til at tannlegeforeninga ikkje hadde blitt godt nok informert tidlegare i denne prosessen. Tømmernes gav uttrykk for at tannlegeforeninga hadde ei anna oppfatning av spesialistbehovet i fylket, og meinte at saksframstillinga ikkje var tilstrekkeleg balansert på dette punktet. Tømmernes hadde også fleire spørsmål til praktiske sider ved etablering av spesialistpraksis ved St. Carolus i Molde. Anna Karin Lunden sa seg einig i den skepsisen som tillitsvalt uttrykte til korleis saka hadde blitt handtert.

Medlemmene diskuterte på dette grunnlaget ulike sider av sakskomplekset og spesialistkompetanse innanfor ramma av DOT.

Dei praktiske og "logisitiske" sidene ved etablering av spesialistpraksis ved St. Carolus er vurdert, og vil bli tatt hand om etter at saka er behandla i fylkesutvalet.

Samrøystes vedtak:

SAMU-T tar orienteringa om arbeidet med stimulering til spesialistutdanning og rekruttering av spesialistar (jf. sak U-124/11) til vitande.

Sak 12/2011

Arbeidsmiljøkartlegging i tannhelsesektoren 2011 – del 1: fysisk arbeidsmiljø

Morten Larsen orienterte. Vernerundane som no er gjennomførte i alle distrikt, er ledd i totalkartlegginga av arbeidsmiljøet i tannhelsetenesta. Kartlegginga identifiserer tiltak som skal inngå i handlingsplaner for arbeidsmiljøet, og er følgjeleg premissgivande for kva for bedriftshelsetenester det er aktuelt å kjøpe frå Hjelp 24. Vernerunden viser at det er behov for standardheving på fleire av tannklinikane, med utfordringane særleg knytt til ventilasjon/inneklima, støy, ergonomi og universell utforming.

- Det at tannklinikane held til i leigd bygningsmasse reiser utfordringar i høve ansvarsforhold og finansiering av aktuelle tiltak. Huseigarane er generelt for dårlege til å følgje opp påviste avvik. Fylkestannlegen vil i samråd med juridisk seksjon sjå på om det ligg føre brot på eksisterande leigeavtalar som må følgjast opp kontraktsrettsleg. Det må også vurderast på kva måte framtidige leigeavtalar kan få ei innretning som ikkje etterlet tvil om ansvarsforhold ved mangelfull oppfølging frå utleigar si side.
- Som førebyggjande tiltak, spesielt mtp. ergonomiske utfordringar, må det forut for ombyggingar/utbetringar og endringar i det fysiske arbeidsmiljøet på klinikane, gjennomførast risikovurderingar (jf. nytt HMS-verktøy). Bedriftshelsetenesta (Hjelp 24) må koplast inn med sin fagkompetanse på eit tidlegast mogleg tidspunkt. Alle tilsette på klinikken (fagprofesjonane) skal involverast i denne prosessen.

Samrøystes vedtak:

SAMU-T tar orienteringa om kartlegginga av det fysiske arbeidsmiljøet og dei distriktstise handlingsplanane til vitande.

Sak 13/2011

Mål og tiltak for eit meir inkluderande arbeidsliv

Morten orienterte om arbeidsgruppa (nedsett i SAMUT-sak 10/11) sitt utkast til dei sektorspesifikke IA-delmåla og –tiltaka for tannhelsesektoren. Gruppa har ikkje formulert eit konkret resultatmål i høve delmål 3 om auka avgangsalder. Her gjenstår innhenting og analyse av talmateriale knytt til alderssamansetning og faktisk avgangsalder. I tiltaka er det gjennomgåande lagt vekt på medveten leiing med fokus på livsfasetilpassa tiltak (individuell arbeidstilpassing). Dette inneber auka merksemd på at leiar og medarbeidar i dialog (medarbeidar-/utviklingssamtalen) kan ta opp utfordringar i ei konkret avveging mellom arbeidsgivar og arbeidstakar sine behov med føremål å fremje arbeidsevne og utvikling hos den enkelte samt å inspirere til å stå lenger i arbeid. Sentralt står også at leiar må ha gode rutinar for årleg arbeidsmiljøkartlegging/vernerunde. Fokus på risikovurderingar rundt ergonomiske tilhøve synest spesielt viktig.

Punktet knytt til månadsoversynet må utgreiast nærare før det blir iverksett.

Tannlegeforeninga tok til orde for at fysisk aktivitet i arbeidstida som førebyggjande tiltak mot belastningsskader knytt til repeterande og statisk arbeid. Det var semje om at dette tiltaket skal takast inn i tiltaksplanen. Utvalsmedlemmene slutta seg elles til arbeidsgruppa sitt utkast til mål- og tiltaksplan.

Samrøystes vedtak:

SAMU-T slutter seg til arbeidsgruppa (nedsett i sak 6/11) sitt forslag til mål og tiltak for eit meir inkluderande arbeidsliv i tannhelsetenesta. Fysisk aktivitet i arbeidstida som førebyggjande tiltak mot belastningsskader takast inn i tiltaksplanen i tilknytning til delmål 1.

Sak 14/2011

Forslag til økonomiplan 2012-2015 med budsjett 2012 for den offentlege tannhelsetenesta

Anthony orienterte kort om framlegget til økonomiplan. Med ein betra rekrutteringssituasjonen vil ei hovudutfordring framover bli behovet for auka budsjettrammer dersom eksisterande klinikkstruktur skal oppretthaldast.

Samrøystes vedtak:

SAMU-T tar framlegget til økonomiplan 2012-2015 med budsjett 2012 for den offentlege tannhelsetenesta til vitande.